

Notat

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Forvaltningsrevisjon "Fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og tilbudet til lærlingar"

Bakgrunn for saka:

Fylkestinget gjorde i møte 15.10.2013, sak 27/13 slik vedtak:

1. Fylkestinget tek rapporten etter gjennomført forvaltningsrevisjon «Fagopplæring, rekruttering til yrkesfag og tilbudet til lærlingar» til etterretning.
2. Fylkestinget ber fylkesrådmannen gjennomføre dei tiltak som er kravd for at tilrådingane nr. 1 – 8 i tillegg til nr. 10 og 11 i rapporten skal verte gjennomførde.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen rapportere til kontrollutvalet når arbeidet er fullført, eventuelt med plan for fullføring innan 1. oktober 2014.

I samsvar med vedtaket i fylkestinget har fylkesrådmannen rapportert på dei tiltaka som var gjennomførte for å følgje opp tilrådingane i punkt 2 i fylkestingsvedtaket.

I sak 14/6513-1 ber kontrollutvalet om ny rapport innan 19.01.15. Kontrollutvalet ber om ei orientering frå fylkesrådmannen når tilråding nr 7 i FT-vedtak 27/13 er ferdig.

I samsvar med vedtaket i kontrollutvalet 10.02.2015, sak 3/15, rapporterer fylkesrådmannen på tilråding nr 7.

7. Fylkeskommunen sikrar at informasjon om fagopplæring, lærlingordning mv på nettsidene til fylkeskommunen er slik strukturert at høvesvis elevar, lærarar/rådgjevarar og bedrifter raskt og enkelt finn fram til relevant informasjon.

Fylkeskommunen lanserte ny heimeside 14.06.2015. For at ein raskt skal finne informasjonen ein søker, har ein på første sida ein «knapp» for elev og ein «knapp» for lærling. Når ein trykkjer på desse, kjem det opp undermenyar der ein enkelt klikkar seg vidare. Den nye heimesida har no vore i bruk eit halvt års tid og tilbakemeldingane er i hovudsak positive. Arbeidet med å oppdatere innhaldet blir gjort kontinuerleg.

Dette til orientering.